

## Happy

*Mo og faren hennes har flyttet til et nytt sted uten mamma. Hvorfor mamma ikke er med, vil Mo holde hemmelig. I utdraget får vi lese om de første dagene i ny klasse.*

– Er du klar?

Rektor såg på meg med rolege auge. Vi stod utanfor døra til sjuande klasse. Bak den døra var det berre menneske eg ikkje kjende.

Eg drog pusten og nikka. Rektor knakka på, tre bank. Straks eg kom inn i klasserommet, såg alle på meg. Eg såg på læraren. Ho var gravid. Lyst kort hår. Snill, men sliten. Eg kom nok ikkje til å gjere det lettare for henne.

– Dette er altså Mo. Eg håper de tar vel imot henne.

Læraren fann ein plass til meg på vindaugsrekka. Kjedeleg utsikt, men betre enn å sitje midt i klasserommet, med stikkeblikk frå alle kantar.

Så sat eg der. I eit nytt klasserom med tjueto personar eg aldri hadde sett før. Eg tok imot bøkene eg fekk, gjorde som ho sa. Vibeke, heitte ho, læraren.

Vibeke snakka lenge med meg etter timen. Men til slutt måtte eg ut. Eg stilte meg ved døra og såg utover skolegarden. Ryggen fri.

Dei kom raskt. Jentene i klassen. Dei spurde. Smilte.

Eg tok meg saman, var hyggeleg, svarte. Smilte.

Jo, eg heitte verkeleg Mo. Foreldra mine budde i utlandet då eg vart fødd. I England, faktisk, men vi vart ikkje lenge der.

– Er det de som bur i det gule huset?

Ho som spurde, var sjefen. Ho heitte Mathilde. Pen. Men eg var meir interessert i ho som stod tettast ved. Den grå venninna.

– Ja, vi flytta inn i helga.

– Kor kjem du frå?

– Oslo. Korleis er det her, då?



– Kjedeleg er berre førebokstaven, sa Mathilde, og så nikka dei andre. Kjedeleg høyrdest bra ut for meg.

Hanna heitte den vesle grå venninna til Mathilde. Ho sat rett framfor meg i klasserommet.

Vi la vekk mattebøkene, det var mat. Eg hadde kjøpt niste på Esso i dag tidleg. Bagett med kylling.

Hanna snudde seg bakover mot meg, smilte. Alle smilte til meg, snille smil. Litt for snille og stive. Eg fekk lyst til å sparke nokon av dei smila. Hanna kikka på bagetten min.

– Er han god? spurde ho.

– Ikkje noko særleg.

Vibeke tok med seg maten sin og gjekk. Vi sat att og gomla. Eg og dei tjueto.

Mathilde kasta ut eit spørsmål til meg.

– Er det far din som er den nye doktoren?

Eg nikka.

– Mor di, da?

Eg hadde førebudd meg. Visste kva eg skulle svare. Men orda som kom ut, var andre enn dei eg hadde planlagt.

– Ho er i utlandet.

– Er foreldra dine skilte?

– Nei, ho berre arbeider der.

– Kor da?

Spørsmåla hagla. Eg fortalde. Om mor mi. Som arbeidde i New York. Hadde leilegheit der. På Manhattan. Eg fortalde. Om arbeidet hennar som motefotograf.

Dei måpte. Dei såg akkurat så dumme ut som eg hadde håpt på. Stjernene vart tende i auga deira. Motefotograf. New York. Supermodellar.

Dei stod rundt meg i friminuttet, lo og smilte. Ikkje så stive no lenger. Eg sparka litt i grusen likevel.

### Oppgaver:

Se Elevbok 7B side 50.

Gjør oppgavene 2, 3, 4, 5, og 7.

*Forenklet med tillatelse fra Linn T. Sunne*